



Referat digitalt styremøte i Sotra VBK

Tid: Tysdag 6. april 2021, kl. 18:00 – 20:00

Stad: Teams – lenke blei sendt

Tilstade: Nils Magne Vardøy, Alexandra Zeman, Vegard Mortensen, Renate Turøy, Jens Knabben, Mikael Tangen

Saker

- 1/1 Innkalling - styremøte
 - 2/1 Sakliste
 - 3/1 Orienteringar (vedlegg 1)
 - 4/1 Livsteikn frå kontrollutvalet i Sotra VBK (vedlegg 2)
 - 5/1 Søknad om midlar
 - 6/1 Førebuing til årsmøtet
 - 7/1 Ymse/eventuelt
-

Orientering om sakene

- 1/1 Innkalling til styremøte

Godkjend.

- 2/1 Sakliste

Godkjend med tillegg av ei sak som vert lagt fram under sak 7, ymse/eventuelt.

- 3/1 Orienteringar (vedlegg 1),

1) Søknad om meir treningstid i Sotra Arena.

Herrelaget ønskjer to timar meir treningstid i Sotra Arena, sal 1. Dette for å få trenar på storbane, kampbane. Tidspunkt: torsdag kl. 18:00 – 20:00.

2) Møte for tildeling av treningstid er i månedsskifte mai/juni.

Det er ønskeleg at Renate Turøy (sportsleg ansvarleg) og Nils Ivar (trenar 1. div. lag) deltek på tildelingsmøtet.

I avtalen mellom Fjell kommune og Sotra SK står det at andre lag enn Sotra SK skal kunna disponera 25% av treningstida i Sotra Arena, sal 1 og 2. Sotra VBK ønskjer Sotra Arena som si heimebane, og at sal 1 med oppmerking for stor bane vert treningsbana til Sotra VBK.

Sotra VBK bør ha ein plan for korleis kriteria for tildeling av treningstid må endrast.

3) Vi får truleg forlenga vakthaldet i Bildøyhallen heile 2021.

Øygarden kommune har signalisert at Sotra VBK og Sotra BC kan forlenga ansvaret for vakthaldet i Bildøyhallen heile 2021.

4) Korleis er økonomien i klubben?

Jens orienterer om dette når rekneskapen vert presentert.

5) Informasjon om fristar for årsmøtet og anna (vedlegg 1).

Årsmøtet må vera gjennomført innan 15. juni 2021. Etter litt diskusjon kom vi fram til at det må verta gjennomført ein gong i siste del av mai.

4/1 Livsteikn frå kontrollutvalet i Sotra VBK (vedlegg 2)

Kontrollutvalet ønskjer svar på kva rutinar Sotra VBK har på ein del formelle krav. Mikael Tangen tek kontakt med Reidar Handegård slik at dei saman kan finna svar på spørsmåla.

5/1 Søkna om midlar

Øygarden kommune har sett av kr. 886.000 til støtte for drifta i lag og organisasjonar.

Mikael Tangen sender søknad til kommunen om støtte til Sotra VBK. Søknadsfrist 15. april 2021.

6/1 Førebuing til årsmøtet

Mikael skriv eit utkast til årsmøteprotokoll der han legg inn dei opplysningane styret har på plass.

7/1 Ymse/eventuelt

Ei sak blei teken med under ymse.

Det er ønskeleg om utviding av kontaktinfo innan ulike område i klubben. Det vert lagt inn på heimesida e-postadresser og telefonnummer til styremedlemmar og trenarar og andre personar som har ulike tillitsverv i klubben.

Mikael Tangen

Styreleiar Sotra Volleyballklubb